



# Kabylsk vev med tretatovering

---

Lag stilige vevar sjølv og tryll fram tradisjonsrike band.

## Slik gjer dykk

- Trestykke til kvar elev (2 cm tykt og min 8x35 cm)
- Lange spikre - min. 7,5 cm lange
- Gråblyant og papir
- Finkorna sandpapir
- Bor - litt tynnare enn spikrane
- Hammer
- Avbitartong
- Bark av furu
- Treolje, til dømes linolje
- Fille
- Tapetknivar eller anna reiskap til å risse mønster
- Garn
- Saks
- Store synåler/vevnåler
- Synåler
- Sytråd

# Dette treng dykk

Kabylsk vev er ein enkel vev som dei trur kjem frå Kabylia i Algerie. Når du vever på den, ser det ut som om bandet er laga av strikkemasker. Den kabylske veven har likskap med to-hulls-brikkevev, men er langt enklare å utføre, spesielt for barn.

Brikkevev er ein teknikk som er kjend meir enn 5000 år attende i tid. Det er funne spor av brikkeveving i Tegle-funnet på Jæren som daterast til 400-talet, og vi veit at brikkeveving var vanleg i vikingtida.

## Kolrosing

Kolrosing har lang historie i Noreg og blei nytta i folkekunsten til å dekorere ulike gjenstandar av tre og bein som skeier, skrin og ski. Opphavelig nytta dei kull som fargestoff, og derav namnet kolrosing. Teknikken utføres ved at du rissar inn eit mønster med en knivspiss før du gnir inn fargestoff og olje. Teknikken er fin for barn.

Du finn oppskrift på oppgåva med bilde som pdf under oppskrift-knappen til venstre.

Oppgåvebeskrivinga og bilda er henta med løyve frå Norges husflidslag barnegruppe [Ung husflid](#).

*Vev og tretatovering: Anker og Knut Abrahamsen. Veving: Kristine Fornes og Annie Eikenes. Foto: Annie Eikenes*

*Instruksjonsvideoen er laga av Randi West.*